



Nasjonalparkstyret
for Reinheimen

Møteinnkalling

Utvalg: Nasjonalparkstyret for Reinheimen

Møtested:

Dato: 10.06.2024

Tidspunkt: 09:00 - 13:00

Eventuelt forfall må meldes snarest til nasjonalparkforvalter. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

ST 25/2024 Orienteringar

Status tiltak 2024 - stutt orientering frå forvaltar
Styresamling måndag 17. - tysdag 18.juni - forslag til
program vedlagt for evt innspel
Ymse

Eventuelle pauser blir avklart undervegs i møte.

Vel møtt til styremøte på Teams!

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 17/2024	Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar		
ST 18/2024	Referatsaker		
	Søknad - Ottadalen LVO - feltarbeid - innsamling av lav - Biofokus		2024/3377
	Fjellrev - Søknad om oppsett av to fôrautomater - NINA		2024/4894
	Høring - handlingsplan for fjellrev - Norge - Sverige - Finland - 2024 - 2028		2024/6028
ST 19/2024	Delegerte saker		
DS 21/2024	Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2024 - 2028 - motorbåt i samband med garnfiske på Leirungsvatnet - Magne Frisvold		2024/2630
DS 22/2024	Delegert sak - Dispensasjon - Ottadalen LVO - Finndalen LVO - Reinheimen NP - motorferdsel - 2024 - 2028 - snødekt mark - utsetting av fisk og frakt av ved og utstyr til hytter og buer - Finndalen fjellstyre		2024/3835
DS 23/2024	Delegert sak - Dispensasjon - Ottadalen LVO - Finndalen LVO - Reinheimen NP - motorferdsel - 2024 - 2028 - snødekt mark - utsetting av fisk og frakt av ved og utstyr til hytter og buer - Finndalen fjellstyre		2024/3835
DS 24/2024	Delegert sak - Reinheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2024 - 2028 - motorbåt - garnfiske på Leirungsvatnet - Roger Haugen		2024/1364
DS 25/2024	Delegert sak - Ottadalen LVO - Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2024 - snødekt mark - transport av båt - Jo Øien		2024/3834
DS 26/2024	Delegert sak - Romsdalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2024 - helikopter - oppgradering av mobilbasestasjon - Flatmark indre - UBConnect AS		2024/4157
DS 27/2024	Reinheimen NP - Trollstigen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2021 - 2025 - helikopter - snødekt mark - transport til basestasjon for nødnett på Horrungen (ROL089) - Skarvedalseggen (ROL100) - Skarfjellenden (RMR057) - Motorola Solutions Norway		2021/458
DS 28/2024	Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2024 - motorbåt - Torsvatnet - Leirungsvatnet - Lars Egar Haugen		2024/4064
DS 29/2024	Reinheimen NP - Trollstigen LVO - dispensasjon - helikopter - 2024 -2025 - drift av mobilmast på		2023/8166

	Skarfjellenden - Telia Norge AS - Christopher Stoltenberg / Erik Kværnmo	
DS 30/2024	Delegert sak - endring av vilkår andre punkt i delegert sak 22.01.21 - motorferdsel i samband med snømåling - Glommen og Laagens Brukseierforening	2020/12278
DS 31/2024	Delegert sak - Dispensasjon - Reinheimen NP - motorferdsel - 2024 - motorbåt - Leirungsvatnet - Trygve Hesthagen	2024/3464
DS 32/2024	Delegert sak - Reinheimen NP - Romsdalen LVO - Avslag - motorferdsel - 2024 - snødekt mark - tilsyn - vedlikehold - Grytten fjellstyre	2020/13174
DS 33/2024	Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2024 - 2028 - motorbåt - Leirungsvatnet - Torsvatnet - Are Flatmo	2023/14484
DS 34/2024	Delegert sak - Dispensasjon - Reinheimen NP - motorferdsel - 2024 - 2028 - motorbåt - Leirungsvatnet - Arne Bergon	2024/492
DS 35/2024	Delegert sak - Reinheimen NP - dispensasjon - 2024 - merking av analyseruter og uttak av små mengder plantemateriale - arealrepresentativ naturovervåking ANO - Norsk institutt for naturforskning NINA	2024/3897
DS 36/2024	Reinheimen NP - Trollstigen LVO - dispensasjon - 2024 - Trollveggen Triathlon - Trollstigplatået - Stabbeskaret - Norsk Fjellfestival	2024/1873
DS 37/2024	Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2024 - 2028 - motorbåt - Leirungsvatnet - Roger Johansen	2024/5761
DS 38/2024	Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2024 - 2028 - motorbåt - Leirungsvatnet - Øystein Breie	2024/152
DS 39/2024	Delegert sak - Reinheimen NP - dispensasjon - 2024 - turmålsordningen StikkUT - Reindalsetra - Sunnmøre friluftsråd	2024/3251
ST 20/2024	Tafjorden-Reindalen LVO - Muldalslia NR - dispensasjon - motorferdsel - 2024 - barmark - transport av ved og materialer - vedlikehold av veg - Sissel Rogne - Ola Myklebost	2024/4536
ST 21/2024	Reinheimen NP - dispensasjon - 2024 - nedgraving av vannkum - Pyttbua - DNT Sunnmøre	2024/5117
ST 22/2024	Reinheimen NP - dispensasjon - 2024 - feltarbeid - innsamling av lav i forbindelse med artsprosjekt - Dørkampen - Naturhistorisk Museum v/ Reidar Haugan	2024/3715
ST 23/2024	Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2024 - helikopter - etablering av helårsbru over Tverråi - omlegging av sti - DNT Oslo og Omegn	2023/15515
ST 24/2024	Finndalen LVO - dispensasjon - 2024 - oppsetting av basestasjon for radiobjeller - Lom samarbeitlag	2024/4901

v/Landbruksforv. Lom og Skjåk kommune v/ Kari
Hånsnar

ST 25/2024 Orienteringar

ST 17/2024 Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar

ST 18/2024 Referatsaker

Søknad - Ottadalen LVO - feltarbeid - innsamling av lav - Biofokus

Fjellrev - Søknad om oppsett av to fôrautomater - NINA

Høring - handlingsplan for fjellrev - Norge - Sverige - Finland - 2024 - 2028

ST 19/2024 Delegerte saker

DS 21/2024 Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2024 - 2028 - motorbåt i samband med garnfiske på Leirungsvatnet - Magne Frisvold 2024/2630

DS 22/2024 Delegert sak - Dispensasjon - Ottadalen LVO - Finndalen LVO - Reinheimen NP - motorferdsel - 2024 - 2028 - snødekt mark - utsetting av fisk og frakt av ved og utstyr til hytter og buer - Finndalen fjellstyre 2024/3835

DS 23/2024 Delegert sak - Dispensasjon - Ottadalen LVO - Finndalen LVO - Reinheimen NP - motorferdsel - 2024 - 2028 - snødekt mark - utsetting av fisk og frakt av ved og utstyr til hytter og buer - Finndalen fjellstyre 2024/3835

DS 24/2024 Delegert sak - Reinheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2024 - 2028 - motorbåt - garnfiske på Leirungsvatnet - Roger Haugen 2024/1364

DS 25/2024 Delegert sak - Ottadalen LVO - Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2024 - snødekt mark - transport av båt - Jo Øien 2024/3834

DS 26/2024 Delegert sak - Romsdalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2024 - helikopter - oppgradering av mobilbasestasjon - Flatmark indre - UBConnect AS 2024/4157

DS 27/2024 Reinheimen NP - Trollstigen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2021 - 2025 - helikopter - snødekt mark - transport til basestasjon for nødnett på Horrungen (ROL089) - Skarvedalseggen (ROL100) - Skarfjellenden (RMR057) - Motorola Solutions Norway 2021/458

DS 28/2024 Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2024 - motorbåt - Torsvatnet - Leirungsvatnet - Lars Egar Haugen 2024/4064

DS 29/2024 Reinheimen NP - Trollstigen LVO - dispensasjon - helikopter - 2024 -2025 - drift av mobilmast på Skarfjellenden - Telia Norge AS - Christopher Stoltenberg / Erik Kværnmo 2023/8166

DS 30/2024 Delegert sak - endring av vilkår andre punkt i delegert sak 22.01.21 - motorferdsel i samband med snømåling - Glommen og Laagens Brukseierforening 2020/12278

DS 31/2024 Delegert sak - Dispensasjon - Reinheimen NP - motorferdsel - 2024 - motorbåt - Leirungsvatnet - Trygve Hesthagen 2024/3464

DS 32/2024 Delegert sak - Reinheimen NP - Romsdalen LVO - Avslag - motorferdsel - 2024 - snødekt mark - tilsyn - vedlikehold - Grytten fjellstyre 2020/13174

DS 33/2024 Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2024 - 2028 - motorbåt - Leirungsvatnet - Torsvatnet - Are Flatmo 2023/14484

DS 34/2024 Delegert sak - Dispensasjon - Reinheimen NP - motorferdsel - 2024 - 2028 - motorbåt - Leirungsvatnet - Arne Bergon 2024/492

DS 35/2024 Delegert sak - Reinheimen NP - dispensasjon - 2024 - merking av analyseruter og uttak av små mengder plantemateriale - arealrepresentativ naturovervåking ANO - Norsk institutt for naturforskning NINA 2024/3897

DS 36/2024 Reinheimen NP - Trollstigen LVO - dispensasjon - 2024 - Trollveggen Triathlon - Trollstigplatået - Stabbeskaret - Norsk Fjellfestival 2024/1873

DS 37/2024 Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2024 - 2028 - motorbåt - Leirungsvatnet - Roger Johansen 2024/5761

DS 38/2024 Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2024 - 2028 - motorbåt - Leirungsvatnet - Øystein Breie 2024/152

DS 39/2024 Delegert sak - Reinheimen NP - dispensasjon - 2024 - turmålsordningen StikkUT - Reindalsetra - Sunnmøre friluftsråd 2024/3251



Arkivsaksnummer: 2024/4536-4

Saksbehandlar: Mari Melbø Rødstøl

Dato: 03.06.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	20/2024	10.06.2024

Tafjorden-Reindalen LVO - Muldalslia NR - dispensasjon - motorferdsel - 2024 - barmark - transport av ved og materialer - vedlikehold av veg - Sissel Rogne - Ola Myklebost

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i naturmangfoldloven § 48, verneforskrift for Tafjorden – Reindalen landskapsvernområde § 3 punkt 5.3 bokstav d) og verneforskrift for Muldalslia naturreservat § 3, punkt 4, får Sissel Rogne og Ola Myklebost avslag på søknaden om å utvide tal turar med ATV til 40 turar dei neste 5 åra.

Ut 2025 gjeld dispensasjonen gitt i sak 2021/8868.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

Søknad frå Sissel Rogne og Ola Myklebust sendt på e:post 08.04.2024.


Saksopplysningar

Søknaden

Takk for sist, og for løyver for 25 turer på vår egen gardsveg hvert år, men som du ser av fjorårets rapport er dette for snaut. Slik vi ser det er antallet ikke faglig begrunnet. Det er ikke påvist noen betydning av disse turene for verneverdiene i reservatet, tvert i mot er kjøring med atv-traktor av mindre betydning enn de ca 2000 turgåere på veien. I motsetning til disse er våre turer påkrevet for bruk og ivaretagelse av bygninger og kulturlandskap, noe som bør vektlegges ved tildeling av dispensasjon. Vi betaler Veglaget 100 kr for hver tur, så det er ingen grunn til å tro at vi foretar unødvendige turer. I år kommer vi også i større grad til å ha kontor på Muldal, slik at vi også kan fortsette restaurering av gård og jorder og bla. får lagt inn strøm i låven. Derfor blir transportbehovet større. Vi søker derfor om løyve til opptil 40 turer de neste 5 årene.

Rapport frå 2023

Tiltakshavar: Sissel Rogne og Ola Myklebost				
Adresse: Georgernes Verft 24, 5011 Bergen				
Telefonnr: 90087139				
E-postadresse: olamyklebost@mac.com				
*ALLTID OPPGI SAKSNR. OG ÅRSTALL				
*Saksnr.: 2021/8868-2 432.4				
*Ar: 2023				
Dato	Køyrerute	Oppdrag	Leigekøyrar	Merknader
Mai	Muldal-Muldalsvika t/r	Varetransport	-	6 turer
Juli	Muldal-Muldalsvika t/r	Varetransport	-	12 turer
Okt	Muldal-Muldalsvika t/r	Varetransport	-	6 turer
2023:	Til sammen			24 turer



Kart som syner køyretraseen som går gjennom reservatet og til landskapsvernområdet. Muldalslia naturreservat er faga brunt og Tafjorden -Reindalen Ivo er faga grønt.

Søknaden er vurdert i samsvar med:

- Verneforskrift for Tafjorden – Reindalen landskapsvernområde, 2006
- Verneforskrift for Muldalen naturreservat, 2003
- Forvaltningsplan for Reinheimen, mars 2010.
- Forvaltningsplan for Muldalen naturreservat, mars 2005 Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndighet for Reinheimen nasjonalpark og tilhørende landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og Nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.01.2024

Verneformål – forskrift

Muldalslia naturreservat:

Formålet med fredinga er å ta vare på ei svært artsrik varmekjær lauvskogsli med det naturlege plante- og dyrelivet.

§ 3 punkt 4.

Motorisert ferdsel på land og på vatn er forbode, medrekna start og landing med luftfartøy.

§ 4

Reglane i § 3 unntatt nr. 4 er ikkje til hinder for:

2. *Vedlikehald av faste innretingar, traktorveg og stigar som er i bruk på fredingstidspunktet.*
3. *Sanking av hasselnøtter, bær og matsopp.*
4. *Jakt.*

§ 5. *Eventuelle unntak etter søknad*

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til:

1. *Naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar nemnde i § 4 nr. 2, nr. 4 og nr. 7 bokstavene a og c og § 5 nr. 2.*

Tafjorden – Reindalen lvo:

Formålet med opprettinga av Tafjorden-Reindalen landskapsvernområde er å:

- *ta vare på eit særprega og vakkert naturlandskap med innslag av kulturlandskap der seterhus, setervollar og kulturminne etter fangst og beitebruk utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart*

- *ta vare på eit samanhengande område varierende frå høgfjellet med leveområda til villreinen i Ottadalen nord til rike lauvskoglier langs Tafjorden.*

- *ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer.*

Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

§ 3 Vernereglar:

Punkt 5.1

Motorferdsel på land og på vatn og landing med luftfartøy er forbode.

Punkt 5.2 Reglane i punkt 5.1 er ikkje til hinder for:

- d) *Motorferdsel i samband med vedlikehald og drift av vegar og kraftanlegg, herunder anleggsvegar, luker og dammar.*
- f) *Bruk av lette beltegåande køyretøy i samband med felt elg og hjort under skoggrensa, når det ikkje er fare for terrengskade.*

Forvaltningsplan

Tafjorden – Reindalen landskapsvernområde

Motorferdsel langs køyrespor §3 pkt. 5.3, d

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til nødvendig køyring langs køyrespor for traktor frå Muldalen til Muldalsetra og Skjegghammaraen, jf temakart nr 2, i samband med frakt av materialar, brensel og utstyr til hytter eller buer, samt i samband med lovleg hogst i området. Forvaltningsstyresmakta skal ikkje gje slikt løyve viss det er til varig skade på terrenget eller på annan måte er til skade for verneverdiane i området.

Muldalslia naturreservat

4. Nødvendig vedlikehold av vegen opp til Muldal er tillatt og ønskelig. Dette inkluderer bl.a. påfylling av grus, rensking av stikkrenner, overvåking og reparering av stikkrenner og steinmurer, rydding av kvist og stammer som faller over stien. Hogst av trær utenfor vegen er likevel ikkje tillatt, annet enn trær det er grunn til å anta kan gjøre omfattende skader på vegen når de faller over ende. Vedlikeholdet skal gjennomføres slik at det ikke fører til unødvendig skade av utlagte prøveflater, jfr. også punkt 7.

5. Motorisert ferdsel er forbudt, med unntak jfr. § 5 punkt 1 i forskrifta. Hvis det skulle oppstå tilfeller av ulovlig ferdsel på vegen opp til Muldalslia, skal det plasseres en bom nederst på vegen, slik at bare lovlig ferdsel kan gjennomføres.

6. Ingen døde trær kan ryddes vekk, men skal ligge i ro på stedet (med unntak jfr. punkt 4).

Naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 48 gir heimel til å gjere unntak frå verneforksiritfa dersom det ikkje er i strid med verneformålet og ikkje kan påverke verneverdiane meneverdig.

I medhald av nml § 7, skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsippa i nml §§ 8-12, og presedensverknad.

Presedens

I enkeltsaker som gjeld tiltak, som i denne saka, skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknande tiltak. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling. Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg.

Vurdering

Vegen opp Muldalslia er ein restaurert kjerreveg som vart opparbeidd på slutten av 1800-tallet. Vegen slyngjer seg i 13 svingar vel 2 km oppetter den bratte lia frå fjorden. Første del av vegen ligg i Muldalslia naturreservat og den siste biten ligg i Tafjorden – Reindalen landskapsvernområde.

Det er ulike reglar som gjeld motorferdsel i dei ulike verneområda på vegen. Når det gjeld transport av varer og material til hus og setrene, finns det ikkje heimel i forskrifta for naturreservatet til dette. I forskrift for landskapsvernområde, har vi heimel for å gje løyve til dette. For bruk av motorferdsel i samband med vedlikehald av veg og utfrakting av hjortevilt i jakta, treng vi ikkje heimel for dette i landskapsvernområdet, medan ein må søkje om løyve til dette i reservatet.

Muldalsbakkane veglag består av 10 grunneigarar som nyttar vegen opp Muldalslia. Nokon av grunneigarane har ATV/minitraktor og ynskjer å nytte denne til transport av tunge varer og materiell opp lia. Det er to grunneigarar som har hus ved Muldalsgardane ved enden av

vegen, medan resten har seter/hytte/bu lenger inne i Muldalen. Sissel Rogne og Ola Myklebust eig den eine av Muldalsgardane og har eit stort hus og låve. Det er til stor hjelp å få transportert tyngre bærer opp den bratte Muldalsbakken. Vegen er i seg sjølv eit viktig kulturminne og i forvaltningsplan for Muldalslia naturreservat står det at: «Nødvendig vedlikehold av vegen opp til Muldal er tillatt og ønskelig». Veglaget organiserer dugnad kvart år for å reparere vegen. I samband med desse dugnadane brukar dei lette køyretøy/ATV for å transportere utstyr og masse. Det er mykje arbeid med vedlikahald av vegen i den bratte lia og mykje bruk av ATV på vegen kan være med på å lage sår i vegstrukturen som igjen kan skape meir erosjon ved mykje nebør.

Sissel Rogne og Ola Myklebost har tidlegare fått løyve til 25 turar per år tom 2025 (delegert sak 2021/8868). Dette er 10 turar meir enn dei som har seter/hytte lenger inne i Muldalen på Muldalssetrene har fått. Grunnen til at Sissel Rogne og Ola Myklebost har fått fleire turar, er størrelsen på husa som gjer at det trengs meir vedlikehaldsarbeid. Turane skal difor dekke å transportere verktøy, varer og materialar. Ved god planlegging bør 25 turar være nok ved alminneleg vedlikehald og arbeid med garden. ATV kan kun nyttast på barmark og ila barmarksesongen (eks frå juni tom oktober) har dei 5 turar per måned! Skal eigarane til med større prosjekt, kan det søkes om ekstra turar i samband med dette.

I § 3 i forskrift for Muldalslia naturreservat er det fastsatt bl.a. at: «4. Motorisert ferdsel på land og på vatn er forbode, medrekna start og landing med luftfartøy.» Det er ingen spesiell hjemmel i verneforskrifta for å kunne gi løyve til motorferdsel for å frakte varer og materiale opp Muldalslia, og saka må vurderes etter den generelle dispensasjonshjemmelen i naturmangfoldlova § 48.

Naturmangfoldloven (nml) § 48 set svært strenge krav til når ein dispensasjon eventuelt kan vurderast, men opnar for tiltak som "*ikkje strir mot verneformålet og ikkje påverkar verneverdiane nemneverdig*". Begge vilkår må være oppfylt. Sjølv om vilkåra er oppfylt, er det ingen som har krav på dispensasjon. Forskrifta kan ikkje nyttast for å utvide den ramma som er gitt i vernevedtaket, men skal vere ein tryggingssventil for tiltak som ikkje kunne føreseiast eller spesielle tilfelle som ikkje vart vurdert på vernetidspunktet.

Vurderingen av miljørettsprinsippene (§§ 8- 12 i nml, kunnskapsgrunnlag, føre-var prinsippet, samla belastning på økosystemet, kostnadar ved miljøforringelse samt miljøforsvarlige teknikk og driftsmetodar) er ein del av vurderinga på om vilkåra i den aktuelle dispensasjonsbestemmelsen er oppfylt.

Forskrifta i naturmangfoldlova § 48 skal ikkje nyttast til å utarme vernet gjennom ei rekkje dispensasjonar til mindre inngrep eller aktivitetar. Vurdering av samla belastning og føre-var-prinsippet (§§ nml 9 og 10) skal hindre dette.

I forvaltningsplanen for Tafjorden – Reindalen lvo står det at motorisert ferdsel i utgangspunktet er forbode og særleg konfliktfylt fordi landskapsvernområdet skal vere skjerma for unødvendig støy og uro. Transportar skal ha eit klårt nytteformål.

Vi har ut frå dette vurdert søknaden etter naturmangfoldlova § 48, jf. prinsippene i §§ 8-12. § 8 – kunnskapsgrunnlaget, er godt dokumentert i arbeidet med både verneplan og forvaltningsplan. Naturverdiane i Muldalslia er særleg knytt til edellauskogen med planteartar og tilhøyrande fauna. Dei botaniske verdiane er særleg knytta til eit stort utval av plantar, med heile 106 registrerte artar. Kjerrevegen til Muldal var der lenge før området vart verna, og det er ikkje knytt spesielle naturfaglege kvalitetar til vegtraséen utover landskapselementet. Derimot har vegen stor kulturhistorisk verdi. Kjerrevegen er ein viktig og nødvendeg tilkomst til fjellgardane i Muldal. Det er god oversikt over kva som kan påverke landskap, økosystem, naturtypar og artar i området. Det er allment kjent kunnskap at motorferdsel kan virke forstyrrande på dyrelivet. I tillegg er støy frå motorferdsel også forstyrrande for friluftslivet. Kunnskapsgrunnlaget vurderast difor å være tilstrekkeleg og *Føre var prinsippet* (nml § 9) legges ikkje til grunn.

Køyring på vegen gir ein kortvarig forstyrring av fugle- og dyrelivet. Vi ser det slik at fortsatt avgrensa bruk av vegen ikkje gir spesielle skadar på naturmangfaldet eller vernekvalitetane. For mykje køyring med ATV på Muldalsvegen derimot, kan gje meir erosjonskader på vegen som dermed generere meir vedlikehald og motorisert ferdsel i samband med dette. Det vil og være uheldig for alle dei turgåerane som nyttar området (ca 2000 stk i året står det omtalt i søknaden).

Søkjar skriv: I år kommer vi også i større grad til å ha kontor på Muldal, slik at vi også kan fortsette restaurering av gård og jorder og bla. får lagt inn strøm i låven. Derfor blir transportbehovet større. Vi søker derfor om løyve til opptil 40 turer de neste 5 årene.

Det er dei siste åra blitt ein trend å ta med seg kontorarbeidet heim eller på hytta. Ved meir bruk av fritidsstaden sin er det sannsynleg at det kan bli meir behov for transport. Eit vedtak som gjer søkjar meir motorferdsel pga av at fritidsboligen vil bli hyppigare brukt, ken gje stor presedensverknad i eit verneområde med mange hytter (for verneområda tilknytt Reinheimen NP er det over 200 hytter og seterhus). Konsekvensane samla sett med eventuelle nye søknader som kan komme, kan være med på å forringe verneverdiane, jf. nml. § 10 (økosystemtilnærming og samla belastning).

Om det skulle oppstå skadar på naturmangfaldet eller fare for dette, kan forvaltningsmyndigheta pålegge søkjer om å gjennomføre avbøtande tiltak jmf. § 11 – kostnadene ved miljøskade. Jmf § 12 – miljøforsvarlege driftsmåter vil bruk av liten traktor eller lett køyretøy som ATV være formålstenleg måte å transportere varer opp vegen.

Sissel Rogne og Ola Myklebost har fått 10 turar meir enn brukarane lenger inn i dalen og 25 turar kvart år bør være tilstrekkelig for å frakte utstyr, varer og materialer opp til Muldalsgarden. Dette er kanskje i meste laget med tanke på at dette er 5 turar per måned frå eks juni tom oktober, men det er i løyvet kun gitt tillating til motorferdsel til nødvendig transport. Det understrekast at løyvet er kun til nødvendig frakt og gjeld ikkje persontransport. Løyveinnhaverane må planlegge behovet for frakt godt, og vise til nødvendig behov ved motorferdselkontroll. Meir enn 25 turar bør ikkje være nødvendig. Ei tillating til fleire turar pga at fritidsboligen kan bli meir brukt, kan skape uheldig presedens og dermed være til ulempe for verneverdiane.

Etter ei samla vurdering av nml § 48 og §§ 8-12 gis det difor avslag på søknad om 40 turar med ATV i året opp til Muldalsgarden.



Arkivsaksnummer: 2024/5117-2

Saksbehandlar: Kristine Sørli

Dato: 31.05.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	21/2024	10.06.2024

Reinheimen NP - dispensasjon - 2024 - nedgraving av vannkum - Pyttbua - DNT Sunnmøre

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i naturmangfaldlova § 48 frå DNT Sunnmøre avslag på søknad om nedgraving av ny vannkum og graving av grøfter for røyr og slanger for framføring av vatn til sjølvbetjeningshytta Pyttbua.

Ein ny nedgravd kum og grøfter 280 meter frå hytta er eit framandelement i høgjellslandskapet som kan påverke verneverdiane negativt, og vil vera i strid med verneformålet. Oppgradering av vassinntak for å leggje inn vatn på den sjølvbetjente hytta vil kunne skape til ein unødig presedens og føre til ei gradvis utholing av verneforskriften for Reinheimen. Forholda i verneområda vil ikkje kunne tole enkeltstående avvik frå vernereglane slik som i dette tilfelle.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

Vedlegg:

- 1 - Søknad - Reinheimen NP - nedgraving av vannkum - Pyttbua - DNT Sunnmøre 23.04.2024
- Pålegg om stans av arbeid - ulovleg installasjon ved Pyttbua, Nasjonalparkstyret 31.01.2024
- Brev frå DNT Sunnmøre om det påbegynte tiltaket, 22.01.2024
- Varsel om mogleg pålegg om retting av brot på verneforskrifta i Reinheimen NP, Nasjonalparkstyret 05.01.2024
- Rapport – brudd på verneforskriften – Reinheimen NP – ulovleg installasjon ved Pyttbua, SNO 14.11.2023
- Vurdering av aktuelle tiltak på eksisterande turistforeningshytter i verneområder, Miljødirektoratet 30.09.21

Saksopplysningar

Søknaden

DNT Sunnmøre søker om etterfølgjande dispensasjon for å grave ned ein plastkum ved siden av ein liten oppmurt dam, for å sikre vassforsyning til Pyttbua i Reinheimen nasjonalpark.

Det er søkt om følgjande:

- grave den ein plastkum med høyde 120 cm og diameter 105 cm, inntil ekstereande dam, ca 280 m nordvest for hytta
- reinske og grave opp grøft (5-8 meter) for å leggje slanger og vassrør mot hytta
- bygge opp rundt tanken med stein og masse slik at den blir mindre synleg i terrenget.

Viser til vedlagt søknad frå DNT Sunnmøre 23.04.24.

Bakgrunn og historikk i saka:

Statens naturoppsyn sendte 14.11.23 ein rapport til nasjonalparksstyret om ulovleg installasjon ovanfor Pyttbua i Reinheimen nasjonalpark. I rapporten frå SNO går det fram at det under tilsyn ved Pyttbua 02.07.23 ble oppdaga ein ny svart vasskum, med røyr og slanger ca. 275 meter ovanfor Pyttbua. Vasskummen er målt til 120 cm høg og 105 cm i diameter. Vatnet til kummen var leda gjennom ein inntaksslange frå ein utgrove kulp, ca. 5 meter ovanfor kummen, og vidare gjennom ein slange ned til Pyttbua, som vist på foto under:



Foto: 02.07.23, SNO

Nasjonalparkforvaltninga sendte brev til DNT Sunnmøre 05.01.24 for å varsle om mogleg pålegg om retting av brot på verneforskrifta, og med ein frist 25.01.24 for attendemelding om forholdet.

DNT Sunnmøre sendte attendemelding i brev 22.01.24, med ei forklaring på kva som er gjennomført, og at det hadde vore telefonkontakt om tiltakt mellom ein tilsett i DNT og forvaltar i 2020. Det var frå begge partar oppfatta at tiltaket dreide seg om vedlikehald av eksisterande anlegg, og at det var så lite at det ikkje var nødvendig å søke. DNT Sunnmøre sette i gang arbeidet sommeren 2020.

Med bakgrunn i attendemeldingane ble det 31.01.24 sendt eit nytt brev til DNT Sunnmøre, med pålegg om stans av arbeidet inntil vidare, da tiltaket heilt klart skulle hatt dispensasjon etter verneforskriften for å være lovleg.

DNT Sunnmøre ønskjer å fullføre tiltaket, og søker derfor om etterfølgjande dispensasjon 23.04.24.

Nasjonalparkstyret skal behandle søknaden som om tiltaket ikkje er påbebynt, og etter vernereglane og forholda i området.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og Nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.01.2024

Verneformål – forskrift

Føremålet med opprettinga av Reinheimen nasjonalpark er å ta vare på eit stort samanhengande og villmarksprega fjellområde med eit høgffjellsøkosystem med eit eigenarta og variert biologisk mangfald. Sentralt i økosystemet er leveområdet til villreinstammen i Ottadalen nord. Reinheimen er eit viktig referanseområde for forskning med ein aust-vest gradient med stor variasjonsbreidde i høve til både geologi, klima, vegetasjon og topografi. Det har både særprega landskapsformer og geologiske førekomstar. Det er vidare eit mål å ta vare på vassdragsnaturen i området samt å verne om kulturminna. Etter verneformålet skal ålmenta ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv.

Reinheimen nasjonalpark er jf. verneforskrifta § 3, pkt. 1.1, «*verna mot inngrep av alle slag, mellom anna oppføring av bygningar, tilbygg, gjerde, anlegg og andre varige eller mellombelse innretningar, vegbygging, bergverksdrift, vassdragsregulering, graving og påfylling av masse, sprenging og boring, bryting av stein, mineral eller fossil, fjerning av større stein og blokker, drenering og anna form for tørrlegging, nydyrking, nyplanting, bakkeplanering, framføring av luft- og jordleidningar, bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, merking av stiar og løyper o.l. Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging. Opplistinga er ikkje uttømmande.*»

Reglane i 1.1. er ikkje til hinder for vedlikehald av eksisterande bygningar, kjørespor og andre innretningar slik at dagens standard vert oppretthalde. Tradisjonell drift av eksisterande turisthytter og utleige av private hytter/stølshus kan oppretthaldast som før.

Nedgraving av ny kum og grøfter for framføring av vatn til turisthytter er i utgangspunktet forbode etter vernereglane i nasjonalparken, og det må derfor gjevast dispensasjon for at inngrepet skal være lovleg.

Forvaltningsplan

Med direkte heimel i verneforskrifta kan DNT Sunnmøre og DNT Oslo og Omegn sine hytter og rutenett drivast som i dag, men det blir ikkje opna for utviding av overnattingskapasiteten på hyttene eller bygging av nye hytter.

Naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 48 gir heimel til å gjere unntak frå verneforskrifta dersom det ikkje er i strid med verneformålet og ikkje kan påverke verneverdiane meneverdige.

I medhald av nml § 7, skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsippa i nml §§ 8-12, og presedensverknad.

Presedens

I enkeltsaker som gjeld tiltak, som i denne saka, skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknande tiltak. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling. Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg.

Vurdering

Formålet med Reinheimen nasjonalpark er å ta vare på naturverdiar i eit stort villmarksprega høgffjellsterreng der sikring av villreinen sitt leveområde er sentralt i formålet med nasjonalparken.


Verneforskrifta opnar for vedlikehald av eksisterande anlegg. Nedgraving av ein ny kum, graving av grøfter for å leggje ned slanger til framføring av vatn til Pyttbua er forbode etter


denne regelen. Det må derfor gjevast dispensasjon for at inngrepet skal være lovleg. Om det kan gjevast dispensasjon til å grave ned ein ny kum for å sikre vassforsyning inn i den sjølvbetjente hytta må vurderast ut frå vernereglane og forholda i området.

Forvaltningsplan for Reinheimen manglar retningslinjer for tilrettelegging for vassinntak til turisthytter mm. Forvaltningsmyndigheten kan midlertidig etter naturmangfaldlova § 48 første ledd, første alternativ gje dispensasjon til tiltak som ikkje strider mot vernevedtaket sitt formål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig. Dette betyr at det kan gjevast dispensasjon dersom dei omsøkte installasjonane ikkje er i strid med verneformålet eller ikkje påverkar verneverdiane nemneverdig.

Dispensasjonsregelen er i utgangspunktet meint for uføresette tilfelle som ikkje vart vurdert ved oppretting verneområdet, i fyrste rekke bagatellmessige inngrep eller forbigåande uro. Nml § 48 første alternativ dekkjer også forhold der verneformålet og verneverdiane toler enkeltstående avvik frå vernereglane.

Pyttbua er ei av fem turisthytterhytter som DNT Sunnmøre driv i verneområdet. Hytta er sjølvbetjent og har 51 sengplasser fordelt på 3 bygg, hovedhytte, sikringsbu og ei lita steinbu med hunderom. Hytta har rikholdig matlager og det er i følgje søknaden «innlagt vann» på sommaren i ein slange frå ein oppmurt dam ved siden av den omsøkte kummen. Denne dammen ble murt opp for 40 år siden (før vernet), men gir lite vatn i tørre somre. Elva Puttåa ligg 200 meter frå hytta og er ei sikker vasskjelde.






Pyttbua ligg høgt og fritt under Pyttegga og Karitind på ca. 1160 moh. Hytta er relativt stor og det er tilsett hyttevert i høgsesongen. Overnattingar på hytta held seg relativt stabilt, og ligg på kring 2000 årlege overnattingar sumar og vinter. Det er ikkje vanleg at dei sjølvbetjente hyttene i høgfjellet har innlagt vatn. Besøkende henter vatn fra næraste vasskjelde til eiga forbruk, og ein kan heller ikkje sjå at det er eit nødvendig behov for innlagt vatn på Pyttbua.

I enkelte tilfelle kan det vera aktuelt å opne for endringar av eksisterande anlegg for å møte krav frå t.d. offentlege myndigheiter, men det er ikkje informasjon om at det er krav frå off.myndigheiter til vassforsyning og innlagt vatn på Pyttbua.



Foto: DNT / A.L. Hoftseide



Kunnskapen om området er godt, jf. Nml § 8. Kartet over viser at Pyttbua ligg i eit viktig kalvings- og oppvetsområde for villrein, og av omsyn til verneverdiane er det ikkje ønskeleg at hytta gjer endringar som fører til nye terrenginngrep og hever standarden, utover å halde ved like eksisterande anlegg og innretningar.

Dersom ein gir dispensasjon til å utbetre med ny installasjon for framføring av meir vatn til sjølvbetjeningshytta utover reglane sett i forvaltningsplanen, vil det kunne føre til ein presedensverknad for nasjonalparken, jf. naturmangfaldlova § 10 (økosystemtilnærming og samla belastning).

Fjellstyra, Finndalen bruksrettslag, Skjåk allmenning og andre grunneigarlag/beitelag har opne buer som er tilgjengeleg for allmenta, t.d. for bruk i samband med friluftsliv, jakt og fiske. DNT Sunnmøre og DNT Oslo og Omegn har 6 hytter i og i tilknytning til nasjonalparken, der ei er betjent (Reindalsseter) og resten sjølvbetjent / ubetjent Vakkerstølen, Pyttbua, Veldalshytta, Tjønebu og Torsbu. I naturoppdrag er det registrert totalt 428 bygningar av ulike slag i alle verneområda knytt til Reinheimen. Innafor nasjonalparken er det registrert ca. 70 hytter.

Av omsyn til likebehandling, vil verknaden av presedens ved at andre med hytter kan få dispensasjon til liknande tiltak vera til stade. Forvaltar har vurdert at sannsynlegheiten for at det kan bli mange liknande saker som relevant, og det kan føre til ei gradvis utholing av verneforskriften for nasjonalparken.

Enkelttiltaket det er søkt om er knytt til eit lite gravearbeid, ny kum og utviding av ein eksisterande liten gravd dam i nasjonalparken, som kan verke bagatellmessig. Men forvaltar har vurdert at samla omfang av liknande søknader vil kunne koma på eit nivå som fører til at den samla belastningen på området er over akseptabelt nivå, jf. nml § 10 «økosystemtilnærming og samla belastning» og presedensverknad. Tiltaket vil også kunne føre til nye behov, endra bruk og gradvis høgare standard som kan få negativ innverknad på verneverdiar eller verneformål.

Ein ny nedgravd kum og grøfter 280 meter frå hytta er eit framandelement i høgfjellslandskapet som strider mot verneformålet og kan påverke verneverdiane negativt. Vilkkåra for å gje dispensasjon etter naturmangfoldlova § 48 er ikkje oppfylt.

Oppgradering av vassinntak for å leggje inn vatn på den sjølvbetjente hytta Pyttbua vil kunne påverke verneverdiane negativt, og er i strid med verneformålet. Forholda i verneområda

tolar ikkje enkeltståande avvik frå vernereglane i dette tilfelle. Forvaltar har kome fram til at det ikkje kan gjevast dispensasjon.

Pyttbua har hatt «innlagt vann» sommerstid i form av vannslange fra en liten oppmurt dam ca. 280 meter vest/nordvest (koordinatene er : UTM 32V 0437388Ø 6898697N) for sikringsbua i over 40 år. I 99 år har hytta, og seinere sikringsbua ligget der den gjør i dag, og tilgangen på vann til en såpass stor hytte har alltid vært en utfordring, da nærmeste stabile vannkilde, Puttåa, ligger over 200 meter unna. Den lille dammen som blei demmet opp i sin tid er liten i tørre somre.

Vi ønsker å fullføre nedgravingen av en plastkum med høyde 120 cm. og diameter 1,05 cm. ved siden av denne dammen for å sikre vannforsyninga, og også gjøre den sikrere for uønska partikler i vannet. I denne forbindelse har det blitt rensket opp en gammel grøft ca. 5-8 meter i ca. 50 cm. dybde for å gjøre plass til slanger og rør mot hytta. Det renner i dag en bekk i denne grøfta når det er vann i området.

Vi ønsker å gjøre ferdig tiltaket, og har følgende løsninger.

1. Fullføre nedgraving av tanken som opprinnelig tenkt. Grøftene rundt må da gjøres noe dypere.
2. Beholde tanken slik den står nå, sage den av litt over bakkenivå, og bore nye hull til rør og slange.
3. Mest realistisk er kanskje en kombinasjon av disse to. Vi forsøker å grave ned tanken så langt ned som mulig, og sager av den delen som stikker opp. Det bygges litt opp rundt tanken med masse og stein slik at den ikke stikker seg ut i terrenget om du ikke kommer helt innpå.

Det blir lite overskuddsmasse av gravinga da det brukes til å legge rundt kantene av kummen og røråpninger.

Ellers kan vi gjerne ta en befaring på forsommeren for å få oversikt over det som er gjort, og evt. får råd om hva som bør gjøres for at dette skal bli best mulig.

Mvh



Linda Flem

Daglig leder

DNT Sunnmøre



Ang. brudd på verneforskriften på Pyttbua

Sommeren 2020 blei en vannkum installert på Pyttbua for å sikre mer stabil vannforsyning til hytta i år med lite vann. Kummen skulle graves ned og kamufleres så minst mulig av den var synlig.

Dette er saken slik jeg husker den:

Jeg sendte en e-post til Kristine Sørлие eller den offisielle e-postadressa om dette i begynnelsen av juni, trolig 9. eller 10. juni 2020, med spørsmål om dette var søknadspliktig. Jeg fulgte opp med en telefonsamtale en tid etter der jeg fikk til svar at tiltaket var så lite at det ikke var søknadspliktig, noe som går igjen i mitt svar på e-post til Ingmund Alvestad og Anne-Liss Hofseide den 16. juni.

Dette er snart 4 år siden, og i en kaotisk tid for oss med pandemi og restriksjoner. Kristine Sørлие var vel også aleine som forvalter i denne perioden, og hadde sikkert mer enn nok å gjøre. Jeg forstår godt at noe i denne saken kanskje har blitt glemt fra begge sider.

Likevel er det rart hvis jeg skulle ha skrevet «Grav i vei» til dugnadskomiteen på Pyttbua uten å ha noe dekning for det. I mine 15 år i ÅST/DNT Sunnmøre var vi svært nøye med at tiltaka vi gjorde i nasjonalpark og verneområde skulle være godkjent, og i hvert fall forhørt oss om var søknadspliktig før vi begynte. Dette kunne gjelde alt fra trefelling til små klopper eller bruer. Jeg synes selv at vi hadde et godt samarbeid med forvaltningen, og tror at var gjensidig? Jeg regner derfor med å bli trodd når jeg skriver at nedgraving av kummen skjedde i godt tro om at tiltaket var klarert.

DNT Sunnmøre er helt enig i at kummen ikke kan stå slik, og det var heller ikke intensjonen. Arbeidet skulle vært fullført, eller avsluttet og tilbakeført når det ikke gikk som planlagt. Det var vanskeligere å grave den ned enn forventet. I forbindelse med nedgraving har det også blitt gravd opp noen grøfter for å kople til slangene som trengs. Disse grøftene var der fra tidligere, og opprinnelig dybde har nok vært noe tilsvarende som nå etter opprensning. Opprensning av disse grøftene kommer ikke fram i opplysningene vi fikk, og dette burde vi selvsagt klarert på forhånd.

DNT Sunnmøre beklager det som har skjedd, men håper at vi kan få fullført vanninntaket slik det var tenkt. Vedlagt følger en søknad om å fullføre tiltaket med ulike løsninger.

Mvh

for Åsmund Steen

DNT Sunnmøre



Distance Regler

Plot koordinater Opprett nytt objekt

Tegn

Koordinater

Rediger

Jeg ønsker å...

koordinater

N (32632)

8,00000

97,00000



nat

Plot koordinater

1500

0 30 60m

Amtmannsrett









Arkivsaksnummer: 2024/3715-4

Saksbehandlar: Kristine Sørli

Dato: 31.05.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	22/2024	10.06.2024

Reinheimen NP - dispensasjon - 2024 - feltarbeid - innsamling av lav i forbindelse med artsprosjekt - Dørkampen - Naturhistorisk Museum v/ Reidar Haugan

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i naturmangfaldlova § 48 får Naturhistorisk Museum (UiO) dispensasjon frå verneforskriften for Reinheimen nasjonalpark, § 3, pkt.2.1, for uttak og innsamling av steinprøver og lavartar i område kring Dørkampen som vist på kart/flyfoto i søknaden.

Dispensasjon er gjeve med følgjande vilkår:

- Innsamlingen skal utførast av Erik Möller og Reidar Haugan ved NHM, UiO
- Dispensasjon gjeld for perioda mellom 15.juli-21.august 2024.
- Det skal berre nyttast manuelle reiskap for innsamling, og det skal takast ut minst mogleg mengde materiale, men som er tilstrekkeleg for kartleggingsprosjektet.
- Kulturminne som spor etter tidlegare ferdsel, bruk og villreinfangst skal ikkje rørast.
- Dispensasjon opnar ikkje for bruk av motorisert ferdsel eller bruk av drone i samband med innsamlinga.
- SNO v/ Per Olav Haugen (mob. 970 57 213), skal varslast på SMS dagen før.
- Dispensasjon skal takast med under feltarbeidet.
- Forvaltningsmyndigheita skal ha kopi av rapport frå feltarbeidet innan 31.12.2024, som sendast til sfinpost@statsforvalteren.no og merkast sak 24/3715.

Dispensasjon gjeld i høve verneforskrifta.

Tiltakshavar er sjølv ansvarleg for å hente inn nødvendig samtykke frå grunneigar eller andre.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

Vedlegg:

- 1 - Søknad - Reinheimen NP - feltarbeid - innsamling av lav i forbindelse med artsprosjekt - Dørkampen - Naturhistorisk Museum v/ Reidar Haugan, 08.04.2024

Saksopplysningar

Søknaden

Naturhistorisk Museum, v/Reidar Haugan søker om å gjennomføre feltarbeid for vitenskapelige undersøkingar i Dørkampen området i Reinheimen nasjonalpark mellom 15.juli – 21.august 2024.

Undersøkingane er knytt til prosjektet «Tungmetall-laver», finansiert fra Artsdatabanken, og har som formål å kartlegge lavarter som er knytt til tungmetallholdig berg og jord.

Prosjektet er i gjennomføringsfasen og det skal samlast inn materiale av flest moglege lavartar i livsmiljøet frå minst 50 lokalitetar i Noreg og i tilstrekkeleg antall for å kartleggje og definere miljøet. Arbeidet gir også grunnlag for å velge ut artane som skal inn på den norske raudelista. I søknaden står det at bergtypen *eksponert, ultramafisk berg* er svært lite undersøkt i Noreg. Bergtypen har spredt utbreiing frå kyst til høg fjell der noko er undersøkt i dette prosjektet i randsona av Jotunheimen, der bergarten blir kalla «*raudberg*» på folkemunne (bl.a. serpentin og olivin). I prosjektet er det ønskje om å undersøke miljøet i Dørkampen-massivet i Reinheimen nasjonalpark, som være den første grundige kartleggingen av ein slik høg fjellslokalitet i Nord-Europa. Dørkampen har gamle kromgruver etter virksomhet på 1840-tallet, noko som indikerer svært interessante livsmiljø.



Bilde over det aktuelle undersøkelsesområdet. De røde områdene er ultramafisk berg.

Gjennomføring av feltarbeidet er avhengig av tørt vær. Det er søkt om å samle inn fast berg og steinblokker. Dei aktuelle steinblokkane med tungmetall kan liggje opptil fleire km frå det faste berget som flyttblokker. Planen er å inn frå Billingen og overnatte i telt eller på Skarvedalshytta, og høg fjellet nord for hytta er særlig aktuelt å undersøke, mens Dørkampen blir hovudområde for arbeidet, og da særlig kring dei historiske gravene.



Vi søker om å få samle lav på berg og bakken generelt innafor dette området, med tungt hovedfokus på Dørkampen-massivet (jf. flybildet over).

Innsamling av materiale skal kje ved bruk av hammer og meisel for å ta prøver av skorpelav som veks på berg. Storleik på prøvene er avgrensa av maksimal størrelse på standard kapsler («konvolutter») til å oppbevare materialet i herbariet ved NHM, dvs. ca. 10 x 5 cm, og så «flate» steiner som mulig. Det er ønskeleg å ta med så mange artar som mogleg, og små, representative prøver er å foretrekke, for det aller meste mindre enn 3 x 5 cm. Dette skal også bli bærast attende og vekta bør avgrensast da bergarten er tung. Det skal og samlast lav på bakken, for det meste skorpelav på jord.

Søker skriv og at dersom det er ønskelig frå forvaltninga kan dei og ta med evt. registrere andre vanligegare artar av blad og busklav som dei finn, da området er dårleg kartlagt. Alle innsamla og registrerte objekter vil bli publisert i Artskart.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og Nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.01.2024

Verneformål – forskrift

Formålet med oppretting av Reinheimen nasjonalpark er å:

- «- ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega fjellområde
- ta vare på eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert biologisk mangfald
- ta vare på sentrale leveområde til villreinstammen i Ottadalen nord
- ta vare på eit viktig referanseområde for forskning med ein aust-vest gradient med stor variasjonsbreidde i høve til geologi, klima, vegetasjon og topografi
- ta vare på landskapsformer og særprega geologiske førekomstar
- ta vare på vassdragsnaturen i området
- verne om kulturminne.

Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.» (Verneforskrift § 2)

Nasjonalparken er verna mot inngrep av alle slag jf. Verneforskrift § 3, pkt. 1.1:

«Området er verna mot inngrep av alle slag, mellom anna oppføring av bygningar, tilbygg, gjerde, anlegg og andre varige eller mellombelse innretningar, vegbygging, bergverksdrift, vassdragsregulering, graving og påfylling av masse, sprenging og boring, bryting av stein, mineral eller fossil, fjerning av større stein og blokker, drenering og anna form for tørrlegging, nydyrking, nyplanting, bakkeplanering, framføring av luft- og jordleidningar, bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, merking av stiar og løyper o.l. Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging. Opplistinga er ikkje uttømmende.»

Verneforskrift § 3, pkt. 2.1. Vern av plantelivet:

«All vegetasjon, også daude tre og buskar, skal vernast mot skade og øydelegging av alle slag. Planting, såing, gjødsling og innføring av nye planteartar er forbode.»

Forvaltningsplan

I forvaltningsplan for Reinheimen er det teke høgde for at det kan gjevast dispensasjon til vitenskaplege undersøkingar:

«Vitskaplege undersøkingar § 4, jf naturmangfaldlova § 48.

Vitskaplege institusjonar som planlegg vitenskaplege undersøkingar som kan vere til skade for verneformålet, må søkje forvaltningsstyresmakta om dispensasjon frå vernereglane. Det vil normalt ikkje bli gjeve løyve til forskning som kan skade naturmiljøet. Forsking som gjev mykje ferdsel over lang tid over store område i nasjonalparken i tider på året der slik aktivitet er negativt for verneformålet er søknadspliktig. Døme på dette er forskning som gjev aktivitet i eller nær kalvingsområda til villreinen om våren.

Forvaltningsstyresmakta vurderer forholdet til vernereglane, den samfunnsmessige interessa av forskingsprosjektet og konsekvensane for verneformålet. Forskingsprosjekt må vurderast i ein samanheng der ein ser på den samla verknaden på verneverdiane, og om forskningsprosjektet alternativt kan gjennomførast utafor nasjonalparken. I vurdering av søknadene skal forvaltningsstyresmakta også leggje vekt på å ivareta behovet for ei fri og uavhengig forskning.»

Naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 48 gir heimel til å gjere unntak frå verneforskrifta dersom det ikkje er i strid med verneformålet og ikkje kan påverke verneverdiane moneverdige.

I medhald av nml § 7, skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsippa i nml §§ 8-12, og presedensverknad.

Presedens

I enkeltsaker som gjeld tiltak, som i denne saka, skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknande tiltak. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling. Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg, jf.

Vurdering

Føremålet med opprettinga av Reinheimen nasjonalpark er å ta vare på eit stort samanhengande og villmarksprega fjellområde med eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert biologisk mangfald. Sentralt i økosystemet er leveområdet til villreinstammen i Ottadalen nord. Reinheimen er eit viktig referanseområde for forskning med ein aust-vest gradient med stor variasjonsbreidde i høve til både geologi, klima, vegetasjon og topografi. Det har både særprega landskapsformer og geologiske førekomstar. Det er vidare eit mål å ta vare på vassdragsnaturen i området samt å verne om kulturminna. Etter verneformålet skal ålmenta ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv.

Hogging med hammer og meisel for å ta ut steinprøver, og uttak av lav artar er i utgangspunktet forbode etter vernereglane, og det må derfor gjevast dispensasjon for at

Kunnskapen om naturverdiar og villrein sin arealbruk i området er god, jf. naturmangfaldlova § 8, (kunnskapsgrunnlaget), og det er ikkje nødvendig å ta i bruk «føre-var-prinsippet» i Nml § 9.

Feltarbeidet skal skje til fots utan behov for motorisert ferdsel og er formålsteleg, jf. Nml § 12 (miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar)

Ut i frå ei samla vurdering, vil ikkje innsamling av steinprøver og lavartar stride mot verneføremålet eller påverke verneverdiane nemneverdig. Samla belastning for verneverdiane synest å vera akseptable i dette tilfelle, jf. Nml §10 og vilkår vil avbøte på eventuelle ulemper for verneverdiane.

Evt. Skriftlig svar kan sendes til reidar.haugan@lichen.no, evt. Reidar Haugan, Storgata 26, 2390 Moelv

Vedlegg i epost: Prosjektsøknad/beskrivelse. Se også [Tungmetall-laver19-22 \(artsdatabanken.no\)](https://artsdatabanken.no)

Søknad om gjennomføring av feltarbeid i Reinheimen Nasjonalpark, sommeren 2024.

Prosjektet «Tungmetall-laver» har fått finansiering fra Artsdatabanken. Prosjektet har som mål å kartlegge lavarter som er knytta til tungmetallholdig berg og jord. Dette er et livsmiljø med svært begrensa utbredelse i landet, men Norge har trolig likevel mye slike habitater i en internasjonal sammenheng. En kort beskrivelse av prosjektet finnes på Artsdatabanken sin hjemmeside: [Tungmetall-laver19-22 \(artsdatabanken.no\)](https://artsdatabanken.no). Prosjektet ledes av professor Einar Timdal. Erik Johan Möller jobber som stipendiat på prosjektet, mens Reidar Haugan (gjesteforsker ved UiO) er assosiert som ekspert og har bl.a. som ansvar å planlegge deler av feltarbeidet.

Prosjektet er i gjennomføringsfasen angående feltarbeidet. Det skal samles inn materiale av flest mulig lavarter i livsmiljøet fra minst 50 lokaliteter i Norge og i tilstrekkelig antall til å kunne kartlegge og definere miljøet. Dette er også et grunnlagsarbeid for hvilke av artene som skal inn på den norske rødlista. Det blir tatt DNA-prøver av alt innsamlet materiale, samt at det gjennomføres kjemiske analyser og mikroskoparbeid for å kunne bestemme artene. Alt materiale inngår i samlingene ved Naturhistorisk Museum. Vedlagte prosjektsøknad til Artsdatabanken (som resulterte i finansieringen) er vedlagt. Her beskrives prosjektet i detalj. Så langt er det funnet svært mye interessant, bl.a. ca. 10 helt ubeskrevne arter, og det forventes ytterligere ukjente arter. Slike kan f.eks. vokse i dårlig undersøkt høgfjellsmiljø.

Tungmetallholdig berg har som sagt liten utbredelse, men det er liten tvil når man først står i et slikt område. Bergflatene er ofte bevokst med lavarter som klarer de giftige vekstforholdene, og en del av dem skiller bl.a. ut rust på overflata som kan farge større områder rustbrune. Bergtypene kan deles i ulike kategorier avhengig av bl.a. metallinnhold og hardhet. Mange av lokalitetene som blir undersøkt er historiske gruveområder med gamle deponi av gruvestein. Jo eldre disse gruvene er, jo flere lavarter finnes det på berget. Det er også viktig at områdene ikke er dekket over med masser eller tilvokst med skogsvegetasjon. Vi går ikke inn i gruver, da det ikke vokser lav der. Prosjektet har undersøkt bl.a. berg med kobber, nikkel, bly, jern, sink, kobolt, gull og krom og feltarbeidet foregår i hele Norge.

En kategori som er svært lite undersøkt i Norge er eksponert, ultramafisk berg. Bergtypen har svært fragmentarisk utbredelse fra kysten til høgfjellet. Noe er undersøkt i dette prosjektet i

randsonen av Jotunheimen, hvor bergarten kalles «raudberg» på folkemunne (bl.a. serpentin og olivin). I prosjektet ønsker vi å undersøke dette miljøet i Reinheimen, mer spesifikt i Dørkampen-massivet. En systematisk undersøkelse her vil i så fall være den første grundige kartleggingen av en slik høgfjellslokalitet i Nord-Europa. Dørkampen har gamle kromgruver etter virksomhet på 1840-tallet, noe som indikerer svært interessante livsmiljøer. Et flybilde over området viser tydelig hvor de aktuelle bergartene er utbredt (rustrød farge).




Bilde over det aktuelle undersøkelsesområdet. De røde områdene er ultramafisk berg.

Erik Möller og Reidar Haugan ønsker å gjennomføre et feltarbeid i løpet av 2-3 dager i Dørkampen-området mellom 15. juli og 21. august 2024. Vi ønsker å ikke spesifisere dagene ytterligere pga. at feltarbeidet er helt avhengig av tørt vær. Vi kan gjerne melde fra til oppsyn om når vi gjennomfører feltarbeidet.

Vi ønsker en innsamlingsstillatelse for å samle på fast berg og steinblokker. De aktuelle steinblokkene med tungmetall kan ligge opptil flere km fra det faste berget (flyttblokker). Vi vil trolig gå inn fra Billingen og overnatte i telt eller på Skarvedalshytta, og høgfjellet nord for hytta er særlig aktuelt å undersøke, mens Dørkampen blir definitivt mål og hovedområde for arbeidet, og da særlig rundt de historiske gruvene. Vi er oppmerksomme på å ikke påføre kulturminner skade.

Dersom vi kommer over særlig interessante miljøer med f.eks. aktuelle kandidater for rødlista på vei opp til Dørkampen, ønsker vi evt. også å ha tillatelse til å samle disse som «bifangst» (om nødvendig med innsamling), men dette er ikke prioritert. Reidar Haugan leder ekspertgruppa for lav til den norske rødlista (for Artsdatabanken). Vedlagt kart under viser området vi søker for.

Innsamlingsmetoden innebærer bruk av hammer og meisel for å ta prøver av skorpelav som vokser på berg. Prøvenes størrelse begrenses av maksimal størrelse på standard kapsler («konvolutter») til å oppbevare materialet i herbariet ved NHM, dvs. ca. 10 x 5 cm, og så «flate» steiner som mulig. Det er ønskelig å ta med så mange arter som mulig, og små, representative prøver er å foretrekke, for det aller meste mindre enn 3 x 5 cm. Dette skal også bæres tilbake og vekta bør begrenses. Bergarten er tung. Vi vil også samle lav på bakken, for det meste skorpelav på jord. Dersom det er ønskelig fra forvaltningen kan vi også ta med oss, evt. registrere noen andre vanligere arter av blad- og busklav som vi finner. Området er dårlig kartlagt. Alle innsamla og registrerte objekter vil bli publisert i Artskart. Vitenskapelige artikler i internasjonale fagfelleverderte tidsskrift med bl.a. beskrivelse av nye arter for vitenskapen er under arbeid.



Vi søker om å få samle lav på berg og bakken generelt innafor dette området, med tungt hovedfokus på Dørkampen-massivet (jf. flybildet over).



Arkivsaksnummer: 2023/15515-3

Saksbehandlar: Kristine Sørli

Dato: 03.06.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	23/2024	10.06.2024

Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2024 - helikopter - etablering av helårsbru over Tverråe - omlegging av sti - DNT Oslo og Omegn

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark § 3, pkt. 1.3 d) og f), får DNT Oslo og Omegn dispensasjon til følgjande tiltak:

1. rive den gamle hengebrua over Tora elv i Tordalen
2. bygge ny fagverksbru over Tverråe, i samsvar med teikning vedlagt søknaden,
3. merke stigen på austsida av Tora elv, på ca. 9 km, og rydde ny stigtrase dei siste 3 km fram til ny bru over Tverråe, samt stig fram til eksisterande DNT- stig til Torsbu.

Dispensasjon er gjeve med følgjande vilkår:

- Ny bru over Tverråe skal være ei fagverksbru i tre, og dimensjonert som skisse vedlagt søknaden, med lengde 15,6 m, bredde 0,95 m, og rekkverk med høgde 1,25m.
- Brua skal forankrast med boltar i fast fjell på kvar side av Tverråe. På vestsida kan stigen fram til brua sikrast med stolpar og wire over ein strekning på ca. 4-5 meter.
- Den nye stigtraseen frå Stokkebrua på Billingen til Tverråe / Tverråhytta skal følgje det gamle stigen i Tordalen. Endeleg trase dei siste 3 km fram til brukryssing over Tverråe skal avklarast med forvaltar.
- Ny DNT-stig skal merkast med vardar og T der det er høgst nødvendig, i samsvar med *Merkehåndboka, (DNT mfl. 2019)*.
- DNT Oslo og Omegn har ansvar for drift og vedlikehald av den nye DNT – stigen inkludert bruar og varding.
- Den gamle hengebrua over Tora elv skal demonterast og alt brumateriale skal fjernast frå verneområdet etter at ny bru og stigmerking er på plass. Dei gamle betongfundamenta kan gravast ned og dekkast til.
- DNT-stigen på vestsida av Tordalen skal leggest ned, og T-merking inkludert gamle skilt skal fjernast frå området.
- Nasjonalparkstyret for Reinheimen kan krevje at DNT Oslo og Omegn fjernar stimerkinga dersom ferdsel fører til skade på verneformål og verneverdiar i området.
- Frist for gjennomføring av tiltaka inkludert opprydding og tilpynting er 1.august 2027.

Det vert gjort merksam på at dispensasjon gjeld i høve verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark. Tiltakshavar må avklare tilrettelegginga med grunneigar og evt andre aktørar.

Det vert gjort merksam på at SNO vil kontrollere at tiltaket er gjennomført i samsvar med vedtaket.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Tillegg til søknad, teikning av bru, kartskisser, e-post DNT Oslo og Omegn v/ Olav Bergland 27.02.2024
- Søknad - ny bru og omlegging av DNT sti, DNT Oslo og Omegn v/ Olav Bergland 15.12.23.
-
- Synfarringsrapport Tordalen, Tordabrua og Tverråe 16.09.2021, DNT Oslo og Omegn v/Stein Fergestad og Åge Haukaas
- Oppsummering etter felles befaring 29.07.21, forbetring av sti og bru i Tordalen og Tverrådalen, DNT- Oslo og Omegn v/Kristian Stoll
- Notat etter synfaring om bruarbeid i Tordalen og Tverrådalen 04.04.2022, DNT Oslo og Omegn v/Kristian Stoll
- Relevante dokument i forarbeid til saka - saksnr. 2021/3471 og 2022/3450

Saksopplysningar

Søknaden

DNT Oslo og Omegn søker om følgjande:

A. Fjerne eksisterande hengebru over Tora elv. Demontering og fjerning av hengebru og opprydding etter at ny bru er på plass.

B. Bygge ny heilårsbru over Tverråe ved Tverråhytta - 15 meter fagverksbru, sikra på fast fjell på begge sider av elva.


C. Omlegging av DNT stig frå Billingen over Stokkebrua langs eksisterandeumerka råk på austsida av Tora elv. Der stien slutter skal det etablerast ny sti for å unngå eit myrlent parti.

E. Motorisert ferdsel med helikopter, i perioda mellom 15.07-31.08.24, for å fly inn ny bru og transportere ut den gamle hengebrua som skal fjernast frå området.

Bakgrunn for søknaden er at den eksisterande hengebru over elva Tora ved Tverråhytta er krevjande og vanskeleg å demontere på hausten og leggje på plass om våren. Gjennom synfaringar på barkmark og på snøføre er fleire alternative kryssingar vurdert, der kryssing av Tverråa ved Tverråhytta peikar seg ut som den beste for å erstatte den snart 30 år gamle hengebrua. Ny bru over Tverråe krev omlegging av den eksisterande DNT-merka turstigen i Tordalen til austsida av elva, inkludert opprusting av Stokkebrua ved Billingen.

DNT har informert på telefon at det blir sendt eigen søknad om restauring av Stokkebrua, dersom omleggingen av turstigen blir godkjent.

Det blir vist til omtale av tiltaka, i søknaden frå DNT Oslo og Omegn som er vedlagt i saka.



Skisse av den nye gangbrua, fagverksbru, lengde 15 meter.



Kartskisse – omlegging DNT-stig og ny bru.

Grunneigar Skjåk Almenning har i møte 22.02.2024, sak 2024/13, gjeve DNT løyve til bygge ny bru og leggje om DNT - stigen som omsøkt. Grunneigar har mellom anna stilt krav om at eksisterande hengebrue bli fjerna, og at området kring den gamle brua blir rydda opp og at DNT-merking av eksisterande stig blir fjerna.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndighet for Reinheimen nasjonalpark og tilhørende landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og Nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.01.2024

Verneformål – forskrift

Formålet med oppretting av Reinheimen nasjonalpark er å:

- ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega fjellområde
- ta vare på eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert biologisk mangfald
- ta vare på sentrale leveområde til villreinstammen i Ottadalen nord
- ta vare på eit viktig referanseområde for forskning med ein aust-vest gradient med stor variasjonsbreidde i høve til geologi, klima, vegetasjon og topografi
- ta vare på landskapsformer og særprega geologiske førekomstar
- ta vare på vassdragsnaturen i området
- verne om kulturminne.

Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

Nasjonalparken er verna mot inngrep av alle slag jf. Verneforskrift § 3, pkt. 1.1:

Området er verna mot inngrep av alle slag, mellom anna oppføring av bygningar, tilbygg, gjerde, anlegg og andre varige eller mellombelse innretningar, vegbygging, bergverksdrift, vassdragsregulering, graving og påfylling av masse, sprenging og boring, bryting av stein, mineral eller fossil, fjerning av større stein og blokker, drenering og anna form for tørrlegging, nydyrking, nyplanting, bakkeplanering, framføring av luft- og jordleidningar, bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, merking av stiar og løyper o.l. Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging. Opplistinga er ikkje uttømmende.

Etter verneforskrifta § 3, pkt. 1.3, kan Nasjonalparkstyret gje dispensasjon til ulike tiltak, som:

- d. Bygging av bruer eller klopper.
 - f. Oppsetting av skilt og merking av stiar i medhald av forvaltningsplanen.
- Ombygging, utviding og nybygg skal skje i samsvar med tradisjonell byggeskikk og tilpassast landskapet.

Forvaltningsplan

I forvaltningsplan for Reinheimen er det teke høgde for at det kan gjevast dispensasjon til vedlikehald og ny tilrettelegging, jf. Verneforskrifta § 3, pkt 1.2 b, 1.3 d og f.:

«Ein ønskjer i utgangspunktet ikkje omfattande tilrettelegging for friluftslivet i nasjonalparken. Tilrettelegging bør samlast i randsonar og i område der det er eksisterande tilretteleggingstiltak.

Med direkte heimel i verneforskrifta og i medhald av forvaltningsplanen kan det gjerast vedlikehald av eksisterande stigar med varding, bruer og klopper (Jf temakart nr 2) Forvaltningsstyresmakta kan vidare etter søknad gje løyve til merking av stigar og oppsetting av skilt i medhald av forvaltningsplanen (jf. kart nr. 2).

Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til bygging av bruer og klopper. Det kan vere behov for tiltak for å kanalisere og trygge ferdsla eller hindre uheldig terrengslitasje.

Ved vurdering av aktuelle tilretteleggingstiltak skal ein ta omsyn til forholda for landskap, naturmiljø og dyreliv slik at Fysiske tilretteleggingstiltak ikkje blir skjemma for omgjevnadene Det ikkje blir lagt til rette for ferdsel som kan medføre unødig slitasje på terrenget Det ikkje blir lagt til rette for ferdsel som kan kome i konflikt med viktige viltområde som parings- og hekkeområde for fugl og leveområde for villrein

All tilrettelegging for friluftsliv i fjellet, som merking av stigar, stikking av skiløyper og bygging av bruer og klopper, skal vere i tråd med Direktoratet for naturforvaltning si handbok 27 Naturvennlig tilrettelegging for friluftsliv, 2001 (DN2001) og Merkehandboka, DNT mfl 2002 (DNT 2002)

Tilretteleggingstiltak skal utførast med vekt på omsyn til naturmiljøet og tilpassing til landskapet gjennom materialval og utforming. Ein bør helst nytte stadeigne materialar som tre og stein, men dette kan ein avvike frå av omsyn til tryggleik og vedlikehald.»

Vedlegg 8 til forvaltningsplan, temakart 2:

https://www.nasjonalparkstyre.no/uploads/files_reinheimen/Forvaltningsplan/Vedlegg-8-Temakart-2.pdf

Naturmangfaldlova

I medhald av nml § 7, skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsippa i nml §§ 8-12, og presedensverknad


Presedens

I enkelsaker som gjeld tiltak, som i denne saka, skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknande tiltak. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling. Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg.

Vurdering

DNT Oslo og Omegn søker om tiltak knytt til eksisterande tilrettelegging i Tordalen som det kan gjevast dispensasjon til etter verneforskriftene. DNTOO har brukt god tid på å planlegging for å vurdere tiltaka før ein endeleg søknad. I tillegg har dei involvert både nasjonalparkforvaltar, grunneigar og andre brukarinteresser tidleg i planleggingsprosessen. Det er gjennomført fleire synfaringar både på barmark og på vinterføre for å vurdere terrenget i ulike årstider, inkludert snøforhold og skredfare. Forvaltar har deltatt på to synfaringar i Tordalen, fyrst 29.juli 2021 for å vurdere alternative brukryssingar over Tora elv / Tverråe, og deretter 9.september 2022 for vurdering av ny stigtrase på austsida av Tordalen. På synfaringane deltok i tillegg til forvaltar, representantar frå DNO Oslo og Omegn, det lokal tilsynet på Torsbu og representantar frå grunneigar Skjåk Almenning.

Kartet under gir ei oversikt over Tordalen i Reinheimen nasjonalpark mellom Billingen og Tverråhytta, der Tverråe møter Tora elv, og der dei omsøkte tiltaka er markert. Blå stipla line markerar ny DNT-merking som i hovudsak vil følgje eksisterande stig innover dalen. Trekkpassasjen for villreinen langs Tverråe er markert med



Den eksisterande hengebrua over Tora elv i Tordalen er som søkjar skriv krevjande å drifte da brulemmene må fjernast på hausten og leggjast på kvar vår. Det er heller ikkje aktuelt å byggje om til ei permanent bru her, da det vil krevje høgare bru-kar og føre til omfattande terrenginngrep.



Foto: eksisterande hengebru, synfaring 29.07.21

Siste del av den eksisterande DNT-stigen ligg i eit elvedelta, i myrlent og blaute parti som har ført til tydeleg terrengslitasje og fleire parallelle stigar. Ved å leggje ned denne stigen vil ein hindre ytterlegare terrengslitasje og utviding av stigen gjennom elvedelta.

Stigen på austsida går i større grad på tørrare grunn og er mindre utsatt for terrengslitasje.



Foto: frå synfaring 09.09.21 – ny turstig på vestsida av Tordalen

Dei siste 3 km før Tverråhytta, blir dalen vidare og her er det nødvendig å legge ein ny stigtrase høgare opp i terrenget for å unngå myrområder blaute parti. Vidare innover er terrenget tørt med grov grunn og grusrygger, og her er det tilstrekkelig med med rydding av vegetasjon og merking. Bilete under viser terrenget den siste delen før ny brukryssing over Tverråe.



Foto: frå synfaring 09.09.21 – siste parti utan tydeleg stig mot ny brukryssing og Tverråhytta



Foto: frå synfaring 09.09.21 – ny brukryssing over Tverråe

Tiltaka med merking av stigen på vestsida av Tordalen, fjerning av hengebua og oppføre ny bru over Tverråe, vil totalt sett betre kanalisering og hindre uheldig terrengslitasje, som er i samsvar med forvaltningsplan. Den nye brua er ei fagverksbru i tre som vil være forankra i fast fjell på begge sider av elva. Plassering av brua er også avklart av omsyn til flaum, snø og skred, og er den beste løysninga for å krysse vassdraga i området. I forhold til den gamle hengebrua vil den nye brua få ei tryggare og betre plassering i landskapet, og vil ikkje verke så skjemmaende for omjevnadene.

I sårbarhetsvurdering av våtmarksfugl/rovfugl i Reinheimen området (Rapport 6. 2018 Kistefoss Skogtenester) går det fram at det er registrert ein sårbar fuglelokaliteter på vestsida i Tordalen. Den eksisterande DNT-stigen passerar berre 150-200 meter frå ein hekkeplass for jaktfalk. Den mest sensitive perioda for jaktfalk er mellom februar til midten av juli. Tiltaket ved å legge ned eksisterande DNT-stig og flytte merking til austsida vil kunne betre forholda for hekkelokaliteten i Tordalen.

Når det gjelder villrein så vil ikkje omlegging av DNT-stigen på austsida av Tordalen føre til endringar som vil påverke villreinen i høve til situasjonen i dag. Søknaden er likevel sendt til villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen villreinområde for å få ei uttale til tiltaket. Sekretær i villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen har på telefon gjeve ei munnleg attendemelding

om tiltaket, og han trur at omlegging av stigen og ny bru ikkje vil påverke villreinen i særleg grad, da det er mengda ferdsel som betyr noko.

Kartlegging av villreinen arealbruk som er gjort i i samband med kvalitetsnormarbeidet viser at Tordalen-Vuludalen er eit viktig vårbeite for bukk, og at ved kryssing av Torddalen kan det potensielt være konflikt knytt til ferdsel langs den DNT-merka stigen i dalen (sjå kartet over). I følgje kartleggingen av arealbruken er trekkpassasjen spesielt viktig for utveksling mellom delstammene i villreinområdet. Trekket blir i hovudsak brukt på våren og høsten, men kan sporadisk bli brukt heile året.

I Tordalen er det relativt lite ferdsel, og det var 100 som svarte på brukarundersøkinga i 2022. Brukarundersøkinga fanger i liten grad opp den totale ferdselen inkludert den regionale bruken som fiske på Torsvatnet og tilsyn med beitedyr i området. Gjennom prosjektet «målstyrt forvaltning» var det i perioda 2009-2012 ute ein besøksteller langs DNT-stigen i Tordalen som viser at det i sommersesongen var mellom 600 – 850 årlege passeringer. Det har etter vernet skjedd endringer på Billingen med etablering av seterpensjonat, nytt informasjonspunkt og oppgradering av parkering og to ulike natur- og kulturstiger. Kanaliseringstiltaket på Billingen fungerer godt og gjer at dei besøkande i hovudsak held seg i området kring innfallsporten og ikkje går langt innover Tordalen. Tal frå besøkstelljar plassert på natur- og kulturstigen i 2022 viser at det var ca. 7000 passeringar i perioda mai-oktober.

Ved etablering av informasjonspunktet ved seterpensjonaltet er det også sett opp ein plakat om villrein for å gjere turgåarar merksam på nasjonalparken og leveområde for villrein, og at turgåarar må ta nødvendig omsyn til naturen og den sårbare arten. Informasjon er eit av fleire tiltak som kan bidra til å unngå ulemper for villrein.

Kunnskapen om naturverdiar og villrein sin arealbruk i området er god, jf. naturmangfaldlova § 8, (kunnskapsgrunnlaget), og det er ikkje nødvendig å ta i bruk «føre-var-prinsippet i § 9.

Fordelene ved å flytte DNT – stigen til austsida av dalen synest å være større enn eventuelle ulemper for verneverdiane i området. Ut i frå ei samla vurdering, vil omlegging av DNT-stigen i Tordalen inkludert ny bru over Tverræe, ikkje stride mot verneføremålet eller påverke verneverdiane nemneverdig. Belastninga for verneverdiane synest å vera akseptable i dette tilfelle, jf. Nml §§10 og 12. Vilkår vil avbøte på eventuelle ulemper for verneverdiane.

Motorisert ferdsel

Det er behov for motorisert ferdsel ved bruk av helikopter for å frakte inn ny bru og transportere ut den gamle brua inkludert opprydding av brumateriell mm. Søknad helikoptertransport blir behandla som eiga delegert sak, dersom tilretteleggingstiltaka er avklart og det er gjeve dispensasjon. Ved å følgje retningslinene for motorferdsel i forvaltningsplanen, som legg vekt på å unngå transport som kan uroe dyreliv unødig, vil ikkje transporten gje varig skade som trugar verneformålet.

Skjåk Allmenning
Industrivegen 10
2690 Skjåk

15.12.2023

Nasjonalparkstyret for Reinheimen
Statsforvalteren i Innlandet
Postboks 987
2604 Lillehammer


BAKGRUNN

DNT Oslo og Omegn har pr i dag ei hengebru over elva Torda, på T-stien mellom Torsbu og Billingen – se bilde under:



Eksisterende sommer-hengebru er både krøkkete konstruert i utgangspunktet (krevende og vanskelig å montere) og har hatt skader. Denne hengebrua er forankret på løs masse, der det ene tårnfundamentet nå står uti elva – denne brua kan ikke bygges om til helårsbru uten svært store inngrep/tiltak. Videre er det slik at stien hit går i et svært myrete landskap som ikke er så egnet for mye fottrafikk. Det er viktig for oss at vi nå finner frem til bru og stiltak som er i tråd med den vedtatte besøksstrategien for Reinheimen, og som bygger opp under Billingen som primær innfallsport til Reinheimen – der aksene fra Billingen til Torsvatnet er viktig.

Kartutsnitt eksisterende bro:



MER DETALJERT OM DE FORSKJELLIGE TILTAKENE:

A. FJERNE EKSISTERENDE HENGEBRU:

Eksisterende hengebru er forankret i to betongklosser og har et betongfundament under hvert tårnpar. På tidligere befaringer var det enighet om at disse betongklossene bør dekkes med jord og stedlig masse, mens alt annet må fraktes ut. Vi diskuterte selvsagt mulighetene for å frakte ut disse betongklossene også, men kom til at dette vil medføre svært mye uønsket motorferdsel ifm uttransport og at disse betongklossene ikke medfører noen forurensningsfare og greit kan dekkes til og gro ned på kort tid. Demontering og fjerning av denne brua kan først gjøres etter at nye bruer er etablert, og bør gjøres samtidig med opprydding rundt brua over utløpet fra Torsvatnet og uteområdet rundt Torsbu og de andre hyttene ved Torsvatnet.

På befaringen var perioden 16/7 – 1/9 fremhevet som den mest aktuelle perioden å gjennomføre helikopterflyging, riving og bygging, slik at man unngår kalving/hekkesetid og jakttiden.

B. BYGGE HELÅRSBRU OVER TVERRÅI:

Dette er stedet vi mener er den beste plasseringen av ny bru over Tverråi:



- Stien hit og herfra vil da gå i vakkert, lettgått og robust terreng
- Brua kan stå på fast fjell med gode forankringsmuligheter for en fagverksbru.
- Ei brukryssing av dette juvet vil være en flott naturopplevelse, der man virkelig kan få oppleve dette flotte og heftige elvejuvet.
- Det virker trygt for både flom, sige snø og snøskred.
- Stien frem mot brua bør sikres med noen stolper og wire på ene siden pga bratt terreng.
- En 15m bru bør her være dimensjonert for 800kg/m² snø + 25 m/s sidevind, trenger ikke være mer enn 950mm brei og gjerne være pen og lite ruvende.
- Det er altså her meget velegnet for ei solid, enkel og pen fagverksbru av denne typen som vi har bygget flere av, og som kan løftes inn ferdig bygget i et helikopterløft.

Nytt brosted over Tverråi:




Eksempel på fagverksbro:



C. OMLEGGING AV STIEN:

Stien legges om fra parkeringen ved Billingen over eksisterende Stokkbru og følger etablert sti på motsatt side av elva. Der stien ender, etableres ny sti noe høyere opp i terrenget for å unngå myrlendt terreng.

Stien bør legges omtrent slik (merket lyseblå), mer nøyaktig plassering i terrenget må gjøres etter at bruløsninger er plassert. Merking av eksisterende sti fjernes og ny sti skites og merkes.





D. STOKKBRUA VED BILLINGEN:

Stokkbrua settes i stand, stokker skiftes og nytt rekkverk etableres. Ny tilstandsvurdering gjøres våren 2024 for å fastslå vedlikeholdsbehov. DNT OO bidrar med 50 % av kostnadene til istandsetting av denne brua og overtar fremtidig bruansvar, avtale om brua inngås etter en godkjennelse av stiomleggingen.

E. HELIKOPTERTRANSPORT:

DNT Oslo og Omegn søker på dette grunnlag om tillatelse til å:

1. Fly inn ny bru med helikopter fra Billingen:
 - a. - tentativt i perioden uke 29/35 (15/7-31/8).
 - b. Vi anslår 2-3 hiv inn med ny bru til Tverråi, og så 2-3 hiv der man også får med ut den gamle hengebrua over Torda. Dette må gjøres etter at ny bru er montert og ny sti er ryddet, og det må og skiltes på nytt fra Billingen.
 - c. Vi vil fly så høyt som mulig for å være til minst mulig sjenanse for fauna i området og tar gjerne imot innspill fra forvaltningsmyndigheter når det gjelder valg av flygetrasè.

Ta gjerne kontakt hvis noe er uklart, bør utdypes osv.

Med vennlig hilsen

Olav Bergland

Bygningsansvarlig bruer

Mobil: (+47) 91140431

Sentralbord: 22.82.28.00

- **Naturopplevelser for livet!**

DNT Oslo og Omegn

Pb 7 Sentrum, 0101 Oslo



Arkivsaksnummer: 2024/4901-2

Saksbehandlar: Kristine Sørli

Dato: 31.05.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	24/2024	10.06.2024


Finndalen LVO - dispensasjon - 2024 - oppsetting av basestasjon for radiobjeller - Lom samarbeitlag v/Landbruksforv. Lom og Skjåk kommune v/ Kari Hånsnar

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i naturmangfaldlova § 48 får Lom samarbeitlag dispensasjon til å sette opp 1 basestasjon med antennemaster for radiobjeller på Klympen innafor Finndalen landskapsvernområde. Formålet med tiltaket er tapsavklaring, for å redusere og dokumentere tap av lam på utmarksbeite i Finndalen og på Liafjellet.

Dispensasjon er gjeve med følgjande vilkår:

- Masta skal plasserast på Klympen i Finndalen landskapsvernområde som markert på kartet:



- Bakkeantenna med solcellepanel kan ha ei høgde på inntil 2 meter, og kan boltast fast til fjell/stein. Solcellepanelet skal ha ei matt overflate.
- Basestasjonen skal plasserast slik at den er minst mogleg synleg og skjemma frå Finndalen.
- Av omsyn til ein sårbar hekkelokalitet for kongeørn på Klympen skal montering av basestasjon skje etter 15.juli!
- Basestasjonen med installasjonane skal fjernast frå nasjonalparken når radiobjeller på sau ikkje er i bruk.
- Nasjonalparkstyret kan og be om at basestasjonane blir fjerna dersom det er til skade for verneverdiar i området.

Vedtaket gjeld i høve verneforskrifta. Det vert gjort merksam på at SNO-Reinheimen vil kontrollere at tiltaka er gjennomført i samsvar med vedtaket.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Søknad frå Landbrukskontoret Lom og Skjåk kommuner v/ Kari Hånsnar, journalført 19.04.24

Saksopplysningar

Søknaden

Landbruksforvaltninga i Lom og Skjåk søker på vegne av Lia samarbeidlag om oppsetting av ein basestasjon for radiobjøller på sau på Klympen i Finndalen landskapsvernområde. I søknaden står følgjande:

«Skjåk kommune leiar eit interkommunalt prosjekt "Berekraftig sameksistens med sau og jerv i utmark som har som hensikt å redusere tap av beitedyr til rovvilt. Tap til rovvilt er ei stor belastning for beitedyr og beitebrukarar i området vårt. Radiobjøller er eit nyttig indirekte tapsreduserande verkemiddel, som gjev brukarane betre oversikt over dyra, varsel om uro og tap, og ikkje minst kan gje ein effektiv sank ved rovviltangrep.


For å få utnytta beiteområda i og rundt Finndalen best mogleg, er ein avhengig av tilstrekkeleg dekning for radiobjøllene. Det er relativt dårleg dekning i området, men gjennom å sette opp ein basestasjon frå Telespor kan desse tilhøva betre seg vesentleg. Telesporsystemet har overføring via mobil-data og LoRaWan. Radiobjøllene brukast av både sau og storfe.

Basestasjonen inneheld ein boks på ca. 30 cm x 30 cm x 8 cm med 3 antenner på. I tillegg er det ein batteriboks og eit solcellepanel. Solcellepanelet skal vera i drift frå mars til november. Systemet er i dvale om vinteren, og kjem automatisk i drift att når det er nok sol på ettervinteren. Det er ikkje naudsynt med vedlikehald av stasjonane, med mindre det er feil på basen, batteri eller solcellepanelet. Eventuelt vedlikehald er tenkt gjennomført utan motorisert ferdseil. Årleg tilsyn av stasjonane vert gjennomført i samband med tilsyn av sau i beitesesesongen.

Slik ser installasjonen ut:



Det er sett opp tilsvarende basestasjonar i fleire andre verneområde i Noreg dei siste åra. Det er simulert to ulike dekningskart med to ulike plasseringsalternativ. Dekning frå basestasjon plassering Breistulen (Simulert med 5 meter over bakken. Plassering innanfor gjerde på seterstul) Høgde kan nedjusterast noko, men gå over hustak for å oppnå optimal effekt.



Kartet over viser dekningsområde med basestasjon på Klympen.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og Nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.01.2024

Verneformål – forskrift

Formålet med Finndalen landskapsvernområde er, etter verneforskrift § 2, «å:

- ta vare på eit eigenarta og vakkert natur- og kulturlandskap, der verdifullt setermiljø, vegetasjon og kulturminne utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart.
- ta vare på leveområde og trekkområde for villreinen, og anna biologisk mangfald som pregar landskapet.
- ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer.

- ta vare på vakker og særpreget vassdragsnatur.

Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»

Finndalen landskapsvernområde er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter, jf. verneforskrift § 3, pkt. 1.1.:

*«Området er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Med dei unntaka som følgjer av forskrifta punkt 1.2. og 1.3. er det forbod mot inngrep som oppføring, påbygging og ombygging av bygningar eller anlegg og andre **faste eller midlertidige innretningar**, vegbygging, vassdragsregulering, oppdemmingar, inngjerding av utmarksareal, oppdyrking og beitekultivering, treslagsskifte, drenering og annan form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, framføring av luftleidningar, bergverksdrift og annan form for grave-, sprengings- eller borearbeid, sprøyting med kjemiske middel, plassering av campingvogner og bubilar, riving av seteranlegg, etablering og merking av turstiar, forureining og forsøpling. Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging. Opplistinga er ikkje uttømmende.»*

Vernereglane er ikkje til hinder for beiting, jf. Verneforskrift for Reinheimen NP § 3, pkt. 2.2 b) og verneforskrift for Finndalen LVO § 3, 2.6

Forvaltningsplan

I forvaltningsplan for Reinheimen er tap av beitedyr mellom anna omtalt på s. 35-36, der det står følgende: Beite er tillate etter verneforskrifta. Etter søknad om dispensasjon kan forvaltningsstyresmakta gje løyve til oppsetting av nødvendige linkar/sambandsutstyr for bruk av elektronisk bjelle ("databjelle") på sau.

Naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 48 gir heimel til å gjere unntak frå verneforskrifta dersom det ikkje er i strid med verneformålet og ikkje kan påverke verneverdiane meneverdig.

I medhald av nml § 7, skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsippa i nml §§ 8-12, og presedensverknad.

Presedens

I enkeltsaker som gjeld tiltak, som i denne saka, skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknande tiltak. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling. Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg.

Vurdering

Verneverdiane i Finndalen landskapsvernområde er i hovudsak knytt til natur- og kulturlandskapsverdiar i ein verdifull seterdal, setermiljø, vegetasjon og kulturminne utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart.

Verneforskrifta opnar for vedlikehald av eksisterande anlegg. Plassering av ein ny basestasjon med antennemast og solcellepanel er i utgangspunktet forbode etter vernereglane, og det må derfor gjevast dispensasjon for at inngrepet skal være lovleg. Om det kan gjevast dispensasjon må vurderast ut frå vernereglane og forholda i området.

Forvaltningsplan for Reinheimen manglar retningslinjer for basestasjonar, antennemaster og solcellapanel, men forvaltningsmyndigheten kan midlertidig etter naturmangfaldlova § 48 første ledd, første alternativ gje dispensasjon til tiltak som ikkje strider mot vernevedtaket sitt formål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig. Dette betyr at det kan gjevast dispensasjon dersom dei omsøkte installasjonane ikkje er i strid med verneformålet eller ikkje påverkar verneverdiane nemneverdig.

Dispensasjonsregelen er i utgangspunktet meint for uføresette tilfelle som ikkje vart vurdert ved oppretting verneområdet, i fyrste rekke bagatellmessige inngrep eller forbigående uro.

Nml § 48 fyrste alternativ dekker også forhold der verneføremålet og verneverdiane toler enkeltstående avvik frå vernereglane.

I følgje søker vil plassering av basestasjonen på Klympen gje den beste dekninga både over Liafjellet, heile Finndalen og vidare mot Skjåk. Plassering av basestasjonen på Breidstulen vil gje ei noko dårlegare dekning på Liafjellet og må plasserast over hustaka, over 5 meter for å få optimal effekt.

Plassering på Klympen vil i minst mogleg grad påverke landskapsbilete i Finndalen lvo, og vil ikkje verke skjemma i seterlandskapet. Solcellepanelet bør og ha ei matt overflate. Basestasjonen med solcellepanel og antennemast på Klympen er reversibelt, og kan fjernast når det ikkje lenger er behov.

Tiltaket er knytt til beitenæring, og det er i forvaltningsplan teke høgde for oppsetting av nødvendig sambandsutstyr for bruk av radiobjeller på sau. Dersom plasseringa blir minst mogleg synleg frå seterområdet, og med solcellepanel med matt overflate vil det ikkje påverke verneverdiane nemneverdig eller vera i strid mot verneføremålet. Tiltaket er reversibelt og verneføremålet og verneverdiane i området toler enkeltstående avvik frå vernereglane i dette tilfelle.

Dersom ein gir dispensasjon skal ein vurdere presedensverknaden, ved ei konkret vurdering av kor mange andre søknader ein kan forvente i området, jf. Nml § 10 (økosystemtilnærming og samla belastning).

I Reinheimen og tilknytte verneområde er det totalt 16 beitelag, og over 20 000 sau+lam som kvart år blir sleppt på utmarksbeite. Det er god oversikt over beitenæringa og tapsproblematikken i Reinheimen og verneområda elles. Kommunane i Nord-Gudbrandsdalen samarbeider om eit interkommunalt prosjekt med formål om å redusere tap av beitedyr til rovvilt. Bruk av radiobjøller er eit nyttig indirekte tapsreducerande verkemiddel som kan bidra til å dokumentere tap av lam i område med store tap og i krevjande terreng. I 2020 fekk Lesjaskog beitelag dispensasjon til å prøve ut systemet med 5 basestasjonar og radiobjøller på sau innafor Asbjørnsdalen i nasjonalparken. Tiltaket i Lesjaskog beitelag måtte avslutte på grunn av problematiske forhold, og basestasjonane ble fjerna frå verneområdet vinteren 2024. Av omsyn til likebehandling, vil verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknande tiltak vera til stade. Forvaltar har vurdert det som vanskeleg å vurdere kor sannsynleg det er at det blir mange liknande saker i verneområdet uti frå tal beitelag og sau på utmarksbeite. Behovet vil fyrst og fremst vera knytt til området med store tap.

Kunnskapen om naturverdiar, kulturlandskap i verneområdet er godt dokumentert gjennom forvaltningsplanarbeidet, fagrapportar, og skjøtelsesplanarbeidet i området, jf. Nml § 8. I sårbarhetsvurdering av våtmarksfugl/rovfugl i Reinheimen området (Rapport 6. 2018 Kistefoss Skogtenester) går det fram at det er registrert ein sårbar fuglelokalitet for kongeørn på nordsida av Finndalen under Klympen ca. 400 meter frå setervegen gjennom Finndalen. Hekkelokaliteten ligger eksponert til og er sårbar, men hekkelokaliteten vil ikkje i nemneverdig grad bli påverka av basestasjonen på toppen av Klympen når den er på plass. Av omsyn til den mest sensitive perioda for kongeørn, mellom februar til midten av juli, så bør oppsett og montering av basestasjonen skje etter midten av juli.

Kunnskapsgrunnlaget – jf. naturmangfaldlova § 8 – er vurdert som tilstrekkeleg, og det er ikkje nødvendig å ta i bruk naturmangfaldlovas § 9, «førevar-prinsippet».

Ut i frå ei samla vurdering, vil plassering av ein melleombels basestasjon på Klympen ikkje stride mot verneføremålet eller påverke verneverdiane nemneverdig. Samla belastning for verneverdiane synest å vera akseptable i dette tilfelle, jf. Nml §10 og vilkår vil avbøte på eventuelle ulemper for verneverdiane.

ST 25/2024 Orienteringar